

Helse- og omsorgsdepartementet
e-post: postmottak@hod.dep.no

Bergen 01.04.2014

**Høyringsuttale, Forslag til forskrift om Norsk helsearkiv og Helsearkivregisteret
(helsearkivforskriften)**

LLP vil påpeika at helsearkivforskrifta sitt føremål (§2) også bør visa til føremålet med bevaring av arkiv i arkivlovas paragraf 1, der føremålet er "å tryggja arkiv som har monaleg kulturell og forskingsmessig verdi (..)". Helsearkiv har også kulturell verdi, helsevesenets handsaming av til dømes psykisk sjuke, er svært verdifulle, ikkje minst kulturhistorisk.

LLP meiner deler av argumentasjonen i høyringsnotatet og til dels i forslag til forskrift er svært uheldig. Bevaring eller kassasjon i pasientjournalar blir i stor grad grunnlagt med kva som er praktisk gjennomførbart, eller kva som er økonomisk. Kassasjon av papirarkiv blir grunnlagt med plassomsyn for papirarkiv, eller med kor lang tid det tar å skilje ut materialet.

Til dømes står det i forslaget til forskrift om avlevering av fysisk arkiv:

§ 10b) "korrespondanse som er lett tilgjengelig innanfor den enkelte journal"

Når det gjeld avlevering og bevaring av elektroniske journalar, er det også svært uheldig å argumentera med at det kan føre til ein nærmast uhandterleg kompleksitet i det digitale depotet.

LLP vil poengtera at det er verdien av dokumentasjonen for ettertida, slik det går fram av arkivlovas paragraf 1, som skal vera avgjerande for bevaring og kassasjon av arkiv, og ikkje kva som er mest praktisk eller lønsamt. Dette bør også gjelda pasientjournalar. Dersom økonomi, plassomsyn, kva som er lett tilgjengeleg og lite komplekst skal vera styrande argument for framtidens kassasjons- og bevaringsvurderingar, kan dette få svært uheldige konsekvensar for bevaring av verdifulle arkiv.

Vidare meiner LLP at både saksarkiv og helsejournalar frå ei verksemd bør bevarast ved same depotinstitusjon. Dette er korrekt ut frå proveniensprinsippet og vil dessutan gjera arkivet meir tilgjengeleg for forskarar og andre, som berre vil få ein depotinstitusjon å kontakta.

Ei tredje innvending er knytta til den politiske målsettinga å arbeida for samla samfunnsdokumentasjon, jamfør stortingsmelinga om arkiv. LLP meiner det også bør bevarast helsearkiv frå privatpraktiserande spesialistar, for å sikra at det blir bevart arkiv etter alle aktørar innanfor spesialisthelsetenesta. Dette vil i større grad kunne sikra ein samla samfunnsdokumentasjon innanfor spesialisthelsetenesta.

Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP) er ein medlemsorganisasjon for institusjonar og enkeltpersonar som arbeider med vern og formidling av kommune- og privatarkiv, eller som er opptekne av arkivspørsmål. Organisasjonen vart stifta i 1986. Medlemene i LLP er arkivinstitusjonar, museum, kommunar, bibliotek, historielag, privatbedrifter, og fleire av arkivverket sine institusjonar. LLP har òg personlege og assosierte medlemmer. LLP sitt føremål er å fremje vern og formidling av privat og kommunalt arkivmateriale, og å heve den arkivfaglege kompetansen.

Med vennlig hilsen

Karin Gjelsten
Styreleder LLP

Landslaget for lokal- og privatarkiv
Sekretariat:
c/o Bergen byarkiv
Bergen kommune
Postboks 7700
5020 Bergen

Styreleder

Karin Gjelsten
Bergen byarkiv
55 56 61 84

E. post: postmottak@llp.no
www.llp.no

Organisasjonsnummer: 978 610 692

e-post: Karin.Gjelsten@bergen.kommune.no